Oppsummeringshefte – Høyr oss!

Her kjem ei oppsummering på det som vart snakka om og tatt opp under konferansen Høyr oss!
1.-2.juni 2018 i Molde.

Foto: Sigurd Farstad

Korleis best representere ungdomane si stemme og sikre representativitet?

Mangfald kan dreie seg om: kjønn, etnisitet, geografi, interesser, skoleval og funksjonsnedsettingar

- Er mangfald viktig?
- Kvifor kan det vere nyttig med andre perspektiv og erfaringar?

Viktig å tenke over i råda:

- Er det grupper av ungdomar som manglar i vårt råd/utval?
- Legg valrutinene våre opp til ei brei rekruttering?
- Er det viktige grupper av ungdom vi ikkje når?
- Korleis skal vi få innspel frå ei breiare gruppe ungdomar?
- Bruker vi eit språk som inkluderer alle? Er det mange forkortingar og vanskelege ord som t.d. ein 8.klassing ikkje hadde forstått?

Ungdom må vite kven råda er – må kome i kontakt med ungdomane i fylket

- Samarbeide med EO og deira elevrådsturne
- Fysisk kontakt med dei kommunale ungdomsråda
- Bruk skole, media og andre organisasjonar

Korleis sikre ei stemme til alle?

Ikkje gjøre utvalg til noko høytidelig, men heller ein god arena til å ytre meininga si.

Hindre populæritetsvalg- inkludere alle. Lærere og voksenperson må sikre dette!

Ikke ha regler for hvem som kan bli med i råd. Du tar fra dem deres rett til å bli hørt!!!

Digital postkasse - anonyme innspill til saker

Møt ungdom der de er, legg til rette for at så mange som mulig skal kunne bidra

Ta hensyn til ulike utgangspunkt og kvaliteter

Samarbeide og ha dialog med ulike interesseorganisasjoner.

Sikre bredde i representativiteten slik at alle føler seg sett og hørt

Skape en arena der de som ikke har hatt en før kan dele sin mening

ordlegg deg på en måte alle forstår

Korleis bli høyrd av fylkespolitikarane?

KORLEIS ta kontakt:

1. Inviter dykk inn i ulike møtearenaer og inviter politikarane inn i råda sine møte
2. Jobb for å få talerett i ulike utval/komitear
3. Skap gode tverrfaglege møteplassar
4. Jobb for direkte dialog med politikarane. Bruk politikarkontaktane aktivt!
5. Senk terskelen for å ta kontakt med politikarane – arranger uformelle møteplassar som til dømes tacokveld eller «kaffe dates»

NÅR ein har kontakt med ein politikar:

1. Sørg for å bli einige om noko – ein uttale eller eit vedtak
2. Finn kompromiss og felles referansepunkt
3. Prøv å gjere saka viktig for både ungdom og politikarane
4. Ver hyggeleg, vis forståing og vis at du lyttar til politikarane
5. Politikarane vil ha konkrete forslag, ikkje berre tema. Kva konkrete tiltak de ønskjer dykk?
6. Vis kor stor stemma til ungdommane er – «vi er mange og vi er viktige»
    - Gå saman med andre organisasjonar/ungdomsorgan. Kven kan vi samarbeide?

TIMING: *Når* er det best å påverke?



- Ei sak er som regel avgjort før ho kjem i fylkestinget (FT) – må påverke der det er mogleg. Til dømes: ta kontakt med enkeltpersonar i forkant av møte i utval/komitear når dei enda ikkje har bestemt seg for kva dei skal meine og ikkje er styrt av partigruppene
- Send innspel til politiske parti i forminga av partiprogramma



5 stikkord – bruk dei når de planlegg å få fram noko de er opptatt av:

Seriøsitet

Plan

Tema/sak

Ansvar

Presentasjon



Ei sak må vere **moden**

- Får å få gjennom ei sak må de bruke kraft. Kraft kan enten føre til eit *resultat* eller *motkraft*
- Det er viktig at saka er moden nok *før* de tek ho opp, for å hindre at de får eit nei (vedtak). Då er saka ferdig
- Ei sak kan vere umoden fordi folk ikkje har høyrt om det, eller det finst mykje motstand
- For å modne ei sak: skrive artiklar, høyre med politiske part og/eller enkeltrepresentantar. Bruk media på ein strategisk måte

Korleis bruke media for å nå ut til unge?

- Bruk både nettsider, tradisjonelle medium og sosiale medium
- Vurder kva som er best – pressemelding, kronikk/lesarinnlegg eller ta kontakt med journalist og oppmode han/ho til å lage ei reportasje/skrive ein artikkel om eit tema?
- Vurder om ein bør gå til politikarane først, før ein går til media. Kva er mest hensiktsmessig?

TIPS frå Morten Feirud, journalist i Tidens Krav:

1. Bli autoriteten på eit område/tema. Bygg grunnmur og renommé ved å vere den som set eit tema på dagsorden
   - Døme: Erle Harsvik hadde eit lesarinnlegg på trykk hos Tidens Krav, og vart deretter kontakta når temaet ho skreiv om var aktuelt i forbindelse med ei sak i Stortinget.
   - Hyperkopling til: Lesarbrev/debattinnlegg, Artikkel

2. "Jeg er ikke søt" seier Erle Harsvik i eit debattinnlegg i Aftenposten. Ho tek opp kampen med ulike aktørars behov for å bagatellisere ungdom og politisk engasjement. Tips: innsjå krafta i det å vere ung. "The young people will win" (David Hogg). I lyset av mellom anna metoo-skandala er det klart at det sit folk "på toppen" som ikkje behandlar verva sine med den respekten dei fortener. Ha ei sunn, men ikkje overdriven respekt for dei kjente fjesa
   - Hyperkopling til: Debattinnlegg

3. Super-klisjé-tipset: Bruk kvarandre. Samlingar som denne konferansen bygger relasjonar, bruk dei relasjonane. Viss ei avis ikkje vil trykke noko, gjer om vinklinga og prøv å spel det inn andre stadar i landet. Viss saka får gjennomslag og saka ender på dagsorden kan det bli brukt til å legge trykk på avisa neste gong

*** Bonustips:** Når det gjeld sosiale medium: Bruk all «meme-kunnskap» som sosial-kapital. Dette er den beste måten å treffe godt i den ønska målgruppa
   - Døme: Badesken-kommentarane (på Instagram). Tidens Krav får ti gonger så mykje eksponering dei gongane dei spelar ball og tøyser litt.



Eksempel frå @badesken på Instagram.
Dato: 28.05.2018

Kva har du lært under konferansen?